

Frå
Grunneigarar langs Apalbrekka

Til

Hjelmåsen AS og Apalen Sør AS

Hjelmås, 23. februar 2020

Sal av grunn til gang/ sykkelveg i Apalbrekka

Vi viser til kontakt som har vore med Geir Styve og som gjeld avståing av grunn til gang- og sykkelveg langs Apalbrekka.

I utgangspunktet er vi einige i at gang- og sykkelveg er eit bra tiltak. Det er imidlertid utbyggjarane som har ansvaret for å få denne på plass, i og med dei store utbyggingane som dei planlegg på Apalen, som vil meføra vesentleg auke av både mjuke og harde trafikantar.

Difor er det urimeleg at grunneigarar langs vegen skal avstå grunn vederlagsfritt eller til ein sum som ikkje kompensera for inngrepa, og i tillegg får alle ulempene som bygginga av gang- og sykkelveg vil føra med seg på attverande deler av eigedommane, utan at utbyggjar har vist nokon vilje til å kompensere for dette. Heller ikkje med absolutt nødvendige tiltak som t. d. sikringsgjerde. Utbyggjar har heller ikkje vist vilje til å ta ansvar for eventuelle seinskadar på dei attverande delane av eigedommane, som kan vise seg etter at bygginga er ferdig.

Dette i tillegg til alle ulempene som ein sterk auke i trafikken langs vegen vil medføre på grunn av den planlagte utbygginga på Apalen.

Av den grunn finn vi dei såkalla «tilboda» som såpass useriøse at vi har valt å ikkje forhalde oss til dei.

Vi ber om at det ikkje blir teke ny kontakt før langt betre tilbod ligg føre. Som eit minimum må utbyggjarane ta på seg alt ansvar for i rimeleg grad å utføre tiltak som kompenserer for ulempene som grunnavståinga medfører, inkludert støttemurar, sikringsgjerde og andre tiltak, etter grunneigarane si anvisning. Når alt dette er på plass kan vederlag for grunnavståing diskuteraast.

Med helsing

Hege Stokken Hege Stokken

Magnus Stokken Magnus Stokken

Joachim Anensen Joachim Anensen

Solqunn Hagesæter S. Hagesæter

Stine Molvik Padøy

Inger Helen Midtgård

Ole Hjelmås

Tom Lilleskare

Stine Molvik Padøy

Inger Helen Midtgård

Ole Hjelmås

Tom Lilleskare

Malene Westervik Sudmann Malene w. Sudmann

Albert Westervik Sudmann